



PÅ tur: Ungdommar frå Slovakia, Irland, Ungarn, Spania, Italia, Kroatia, Egypt, Belgia, Nederland, Russland, Taiwan og Russland besøkte Gjesdal. Landa er skrivne i tilfeldig rekkefølge. (Foto: Kristine M. Stensland)

Ungdommar frå 12land besøkte Gjesdal

Gjesdal: Den nyvalde presidenten for Rotary Ålgård var guide då ei internasjonal gruppe besøkte Gjesdal.

12 sprudlande ungdommar kjem ut av nokon bilar som har stoppa i Ålgård sentrum. Dei har i løpet av dagen besøkt Månafossen, Byrkjedalstunet og Gløppedalsura, og no er dei på veg til middag i Vestrembyen. Alle kjem frå forskjellige land.

Turen var tøff, og det regna mykje. Men det var verdt det, seier Carmen Alcalá frå Spania. – Eg fann ut at joggesco ikkje er tursko, seier Mariz Zamir Mounir Awad frå Egypt og ler. – Grauten me fekk på Byrkjedalstunet, var god, seier Timjen van Westerveld frå Nederland.

– Det var fyrstegong og smakte slik graut, seier Alcalá.

Kulturmøte
Dei er på reise i regi av foreininga Rotary og skal oppleve fleire stader i Sør-Noreg. – Det er viktig å møte folk frå andre kulturar, seier Alcalá.

– Det beste med å vera her er å møte nordmenn, og å sjå naturen, fjordane og Preikestolen. Nokon av dei har vore på fleire turar med Rotary tidlegare. – Som regel veit me ikkje kva me skal gjera neste dag, seier Alcalá.

Ny president
Astrid Sjørseike er ein av dei som har vist fram Gjesdal for ungdommane. Ho er nyvald president for Ålgård Rotary. – Rotary er ein organisasjon som

er landsomfattande i fleire land. Det finst 35.000 klubbar, seier Sjørseike, som set pris på hovet til å kunna koma i kontakt med andre medlemmar når ho er på reise i utlandet. – Rotary har 1,2 millionar medlemmar. Mottoet vårt er at me skal gagna andre. Organisasjonen er religiøst og politisk nøytral, seier Ivar Blaaun, som tidlegare har vore president i den lokale klubben.

Lokalt engasjement
Presidenten fortel at klubben enga-

sjer seg for velferd og livskvalitet i Gjesdal. – Me tenker på eldreomsorg, kunst, kultur og oppvekst, seier Sjørseike. – Me har mellom anna stått bak ei lokal historiebok. Overskotet er blitt sett i fond og blir brukt til gaver, seier Blaaun. – Gåvene har til dømes gått til kulturskolen og til trengande til jul, seier Sjørseike. – I fjor gjekk pengane frå 17. mai-slåferne våre til Polen-tur for elevar i Oltedal, seier Blaaun.

Den lokale klubben deler også det globale engasjementet til Rotary. – Internasjonalt har me som mål å utrydda polio. Det målet er omtrent oppnådd, seier Sjørseike. – Me jobbar mellom anna også for at folk skal ha tilgang til reint vatn, og for å utrydda analfabetisme, seier Blaaun.

Ønsker fleire medlemmar
Rotary Ålgård, som i fjor blei 30 år, vil bli større. No er medlemstalet 29.

– Me ønsker oss nye, engasjerte medlemmar. Det blir ei av oppgavene for klubben dette året. Me ønsker oss særskilt fleire yngre medlemmar og damer. No er me fem damer, seier Sjørseike. Men det er ikkje slik at kven som helst kan meldast seg inn. – Ein må bli oppsøkt og invitert med, seier Blaaun. – For å bli invitert, må dei ha vist interesse for lokalsamfunnet, seier Sjørseike. Sjølv blei ho medlem i Ålgård Rotary i 2016.

– Eg har budd på Ålgård sidan 2003 og har følgd med i næringsutviklinga her, særleg etter at eg var styreformann i Næringsforeininga i Region Stavanger, der det blei etablert resursgrupper i distrikta. Nettverket mitt frå 45 år i næringslivet kan vera nyttig for Rotary Ålgård no, seier ho.

Møte kvar veke
Klubben møtest ein gong i veka. – Møta er hyggelege, med spennande foredragshaldarar, diskusjon og dros. Me har dessutan inter-

essante bedriftsbesøk på programmet, seier Sjørseike. Dei synest det er veldig spennande at dei har fått besøk av dei internasjonale ungdommane. – Dei tar med seg opplevingar heim, seier Sjørseike. – Det skapar venskap over landegrensar, seier Blaaun.

Kristine M. Stensland
kristine@gjesdalbuen.no

Forening

rotary

- rotary International blei stifta i Chicago i 1905.
- Det finst ca 330 rotary-klubbar i noreg. På eigne nettsider skriv rotary at nesten kvar 300. innbyggjar i noreg er med i rotary.
- For å vera medlem må ein mellom anna vera ein vaksen person med «god karakter og med god anseelse i utøvelsen av sitt yrke», ein må også «inneha ledende eller selvstendig stilling innen yrket/bedriften/organisasjonen».

” Turen til fossen var tøff, og det regna mykje. Men det var verdt det.

Carmen Alcalá, Spania



President: Astrid Sjørseike er nyvald president for Ålgård rotary. (Foto: Kristine M. Stensland)



Månafossen: Kuan-Lin Chen tek bilde av seg sjølv og nokon av dei andre framføre Månafossen. (Foto: Privat)